

INNKALLING TIL ÅRSMØTE I ROGALAND BYGDEKVINNELAG 21.-22.03.25

Det vert med dette kalla inn til årsmøte i Rogaland bygdekvinnelag 21. og 22. mars 2025.

Årsmøtet vert halde på Aiden by Best Western, Haugesund (Helganesveien 24, 4262 Avaldsnes). Vertskap for festen fredag kveld er Skjold bygdekvinnelag og Imsland bygdekvinnelag.

Styret oppfordrar lokallaga til å koma med forslag til resolusjon, sjå informasjon lenger ned.

I følgje vedtektene for bygdekvinnelaget § 5i + note er distriktsårsmøtet samansett av:

1. Distriktsstyret sine medlemmer
2. Leiar av lokallaget samt ein vald representant for kvart lag med inntil 20 medlemmer og ein vald representant for kvart påbegynt 50. medlem vidare.
3. To (2) representantar frå tilsvarande organisasjonsledd i Bondelaget
4. To (2) representantar frå tilsvarande organisasjonsledd i Bygdeungdomslaget.

LOKALLAG VIL FÅ FØLGJANDE UTSENDINGAR TIL DISTRIKTSÅRSMØTE:

Lag med opptil 20 medlemmer får 2 representantar (leiar + 1)

Lag med 21-70 medlemmer får 3 representantar (leiar + 2)

Lag med 71-120 medlemmer får 4 representantar (leiar + 3)

Lag med 121-170 medlemmer får 5 representantar (leiar + 4)

Lag med 171-220 medlemmer får 6 representantar (leiar + 5)

Elles viser ein til vedtektene for fylkesårsmøtet. Sakliste og program, samt årsmelding og rekneskap, vert sende direkte til utsendingane to (2) veker før årsmøtet. Sakspapira blir sende elektronisk til dei e-postadressene som er på påmeldinga. Papirkopi blir levert ut på årsmøtet.

Årsmøtesakene er på laurdag, slik at du får med sjølve årsmøtet om du ikkje har høve til å møta fredag.

Me bed om at påmelding med namn og adresse vert gjort seinast innan 28. februar 2025, men det er sjølvsagt greitt å melde seg på i god tid før fristen. Kan ikkje ditt lokallag koma? Då set me stor pris på å bli informert om det.

Det skal nyttast skriftleg påmelding på digitalt skjema: **Påmelding til årsmøtet finn de [her](#)**. Pris for full pakke kr. 3400,-, festmiddag kr. 650,- og berre laurdag 650,-.

Overnatting: Aiden by Best Western Haugesund er eit høgteknologisk flyplasshotell i hjarta av Karmøy. Det er både enkeltrom og dobbeltrom tilgjengeleg. [Vegbeskriving](#).

Årsmøtesaker: Vedtekter §5d: "Rett til å legge frem saker for distriktsårsmøtet har distriktsstyret og tilsvarande organisasjonsledd i Bondelaget og bygdeungdomslaget, samt distriktslagets lokallag. Sakene må være kommet til styret minst seks (6) uker før", dvs. seinast innan 7. februar 2025.

Resolusjon:

Lokallaga vert oppfordra til å koma med forslag til resolusjon. Ein resolusjon (ei fråsegn) skal vera ei sak som viser bygdekvinnelagspolitikk. Det bør vera eit dagsaktuelt tema og ha grunnlag i NBK si politiske plattform. Eventuelle forslag må vera styret i hende innan 28. februar. Det er ynskjeleg at dei som kjem med forslag, saman med to frå styret, sit i ein resolusjonskomitè.

Sandnes 05.02.24

Ingrid Haugstad Håland og Ann Karin Hammer (leiarar)